

Notat

Til: Hovudutvalet for opplæring
Frå: Fylkesdirektøren for opplæring

Samarbeid mellom skulane i Nordfjord – Eid, Måløy og Stryn vidaregåande skular.

Bakgrunn:

Fylkestinget vedtok i sak 26 /13 - *Skulebruksplan for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane*, pkt. 17: *Samarbeidet mellom skulane må styrkast og utviklast. Fylkestinget ber hovudutval for opplæring legge fram ei særskilt sak om dette.*

I juni 2014 la fylkesdirektøren fram eit notat til hovudutvalet med døme på ulike former for samarbeid og spurte hovudutvalet om å klargjere eventuelle bestillingar knytt til vedtaket i fylkestinget. Hovudutvalet gav ingen tilbakemeldingar i møte.

Med bakgrunn i omstillingsprosessane og endringane som har vore i sektoren sidan 2014 har ikkje punkt 17 i fylkestinget sitt vedtak blitt følgt opp med ei eiga sak. Grunnlaget for skulebruksplanen med reduksjon i elevtalet og reduserte økonomiske rammer har auka «kampen» om søkjarane mellom dei vidaregåande skulane. Dette vert forsterka av ønskje frå lokalt arbeids- og næringsliv om å møte behova deira. Dette gjeld særleg for dei yrkesfaglege utdanningsprogramma.

Desse problemstillingane kjem klart fram gjennom innspel til dimensjoneringa av opplæringstilbodet.

I samband med handsaming av HO sak 27/15: *Opplæringstilbodet for skuleåret 2016-2017* gjorde hovudutvalet slikt vedtak:

Hovudutvalet merkar seg innspela frå næringslivet i Stryn og transport- og bilbransjen om at ein meiner dagens arbeidsdeling mellom skulane i Nordfjord innanfor utdanningsprogram TIP og tilhøyrande VG2-tilbod ikkje fungerer godt nok. Hovudutvalet ber Fylkesdirektøren snarast mogleg samle berørte skular og nærings-/bransjeorganisasjonar for å få ei nærare oversikt over utfordringane og moglege løysingar både innanfor dagens struktur og ved evt. endringar i arbeidsdelinga mellom skulane i dei yrkesretta studieløpa.

Gjennomgang av tilbodet må vere ein del av arbeidet med tilbodsstruktur som er vedteke sett i gang.

I HO sak 8/16 om justering av opplæringstilbodet vart det særleg peika på bygg og anleggsbransjen sitt behov og rekruttering til læreplassar lokalt. I saksutgreiinga heiter det:

Til vg2 byggteknikk ved Måløy vidaregåande skule synte 1. prøveinntak 6 primærskolar og 7 inntekne. Fylkesrådmannen rår difor til at tilbodet ikkje vert sett i gang. Dette er uheldig med omsyn til rekruttering til læreplassar lokalt. For å sikre rekruttering til desse bør skulane med tilbod i dette programområdet samarbeide for å imøtekomme etterspurnaden i bransjen. Fylkesrådmannen vil undersøkje om det kan vere mogleg å kople skolar til vg2 byggteknikk i Måløy på vekslingsmodellen ved Stryn vidaregåande skule.

Fylkesdirektøren har med bakgrunn i dette utarbeidd eit notat om samarbeidet mellom Eid, Måløy og Stryn vidaregåande skular.

Samarbeid i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma

Samarbeidet mellom skulane omfattar fleire utdanningsprogram, teknikk og industriell produksjon, bygg og anleggsteknikk, service og samferdsle, elektro og helse og oppvekst. Dette fungerer godt på skulenivå.

Teknikk og industriell produksjon(TIP)

Eid og Måløy vidaregåande skular tilbyr vg1 teknikk og industriell produksjon, på vg2 nivå tilbyr Eid vidaregåande skule industriteknologi og det landsdekkande tilbodet vg2 Industriell møbelproduksjon, medan Måløy vidaregåande skule tilbyr vg2 køyretøy og vg2 maritime fag. Stryn vidaregåande skule tilbyr vg2 transport og logistikk som ligg under utdanningsprogrammet service og samferdsel, og har kryssløp frå vg1 teknikk og industriell produksjon. Stryn og Eid vidaregåande skule har siste skuleår samarbeidd om vg1 teknikk og industriell produksjon og vg2 transport og logistikk der elevane frå Eid har fått delopplæring i Stryn, bl.a. innan Truck og Trucksertifisering.

Bygg og anleggsteknikk (BA)

Stryn og Måløy vidaregåande skule tilbyr både vg1 bygg og anleggsteknikk (BA) og vg2 byggteknikk. Frå vg1 BA er det også kryssløp til vg2 Industriell møbelproduksjon som Eid vidaregåande skule tilbyr.

Helse og oppvekst(HO) og elektrofag(EL)

Samarbeidet mellom vg2 helsefag ved Stryn vidaregåande skule og elektrofag ved Eid vidaregåande skule om velferdsteknologi har fått nasjonal merksemd. Alle skular i fylket med desse to programområda har vore på samling i opplærings - leilegheita i Stryn og er invitert inn i samarbeidet.

Lokale nettverk - vg3 nettverk

Dei tre skulane samarbeider om vg3 nettverka og har ei grei arbeidsfordeling der. Den enkelte skule prøver å samle dei lokale nettverka på næraste skule. Det kan nemnast at Måløy vidaregåande skule hadde lokal nettverkssamling i vår ved alle dei tre nemnde skulane for aktuelle verksemdar opp mot vg2 køyretøy.

Tilsvarende vert gjennomført for industriteknologi, transport og logistikk, byggteknikk og industriell møbelproduksjon no i haust. For dei maritime faga har Måløy vidaregåande skule eigne opplegg.

Samarbeid med opplæringskontor og bedrifter

Dei tre skulane har godt samarbeid med alle aktuelle opplæringskontor. Fyrste året etter vedtaket i skulebruksplanen, der utdanningsprogrammet teknikk og industriell produksjon vart lagt ned ved Stryn vidaregåande skule, var det generelt vanskeleg å få elevane ut i faget prosjekt til fordjuping og å skaffe læreplassar ved bedrifter i Stryn og Hornindal. Årsaka til det kan vere tilfeldig, men dette har no normalisert seg og det er forventning til at opplæringskontor kan bidra aktivt til å vidareføre den positive trenden ein no ser. Utfordringa for inneverande skuleår er at det er låg oppfylling på vg2 industriteknologi, der bedriftene kanskje må kjempe om lærlingane.

Vg1 service og samferdsel rekrutterer direkte til vg2 transport og logistikk og vg2 sal, service og tryggleik i kombinasjon med vg2 reiseliv.

Stryn vidaregåande skule køyrer forsøk med vekslingsmodell bygg og anleggsteknikk frå 2014-2018, og har invitert Måløy vidaregåande skule til å delta i utprøvinga inneverande skuleår. Det er stort behov for lærlingar i tømrar- og betongfaget samt ulike småfag som taktekkjarfaget og byggdriftarfaget .

Oppsummering

Det er viktig at dei vidaregåande skulane samarbeider så mykje som mogleg. Ved å vidareutvikle samarbeidet mellom skular og arbeids- og næringsliv og samstundes utnytte moglegheitene i kryssløp, vil det bidra til å sikre arbeidslivet tilgang på kvalifisert arbeidskraft.

Det er viktig at arbeids- og næringslivet kjenner sitt ansvar gjennom samfunnskontrakten. Samstundes må dei komme ut på skulane som har vg1 - tilboda i eit aktuelt utdanningsprogram og presenterer seg for å skaffe framtidig arbeidskraft. Dei vidaregåande skulane skal syte for at alle bedrifter/opplæringskontor som ønskjer det kan få informere elevane.

Dei vidaregåande skulane må vere aktive og ta initiativ til dialog med lokalt og regionalt arbeids- og næringsliv. Ein slik dialog kan i større grad vere med å sikre at elevane får fullført si opplæring, og gi viktige innspel til dimensjonering av opplæringstilbodet. Arbeidslivskontakten har ei sentral rolle i dette arbeidet og fylkesdirektøren vil etterspørje korleis dette arbeidet vert følgd opp gjennom skulebesøka.